

**Fra:** Birte Fossheim <Birte.Fossheim@gloppen.kommune.no>  
**Sendt:** 16. juni 2016 10:45  
**Til:** postmottak@kmd.dep.no; kommunal-forvaltning@stortinget.no; Liv Signe Navarsete; Sveinung Rotevatn; Ingrid Heggø; Bjørn Lødemel; Postmottak Sentraladm; jan.ryste@ks.no; Svein Arne Skuggen Hoff; Annlaug Helene Kjelstad; Fjordenes Tidend; Redaksjon Firda; Redaksjon Firda Tidend; Redaksjon Fjordabladet; Redaksjon Fjordingen; amt@smp.no; kjetil.gillesvik@bt.no; NRK Sogn og Fjordane  
**Kopi:** Leidulf Gloppestad; Sven Flo; Alfred Bjørlo; Kristin Maurstad; Stein Robert Osdal; Stig Olav Lødemel; Ann Kristin Langeland; Jan Kåre Fure; Knut Ove Leite; Per Kristian Storevik; Ørnulf Lillestøl; Åslaug Krogsæter; Magni Aa Berge  
**Emne:** Fråsegn frå Nordfjordrådet - Fleire statlege arbeidsplassar til Nordfjord  
**Vedlegg:** Fråsegn frå Nordfjordrådet - fleire statlege arbeidsplassar.pdf

På møte i Nordfjordrådet 6. juni vedtok ordførarane i Nordfjord denne fråsegna. I samband med den planlagde utflyttinga av statlege arbeidsplassar, så krev Nordfjordrådet at staten nyttar høve til å lokalisere heile eller delar av statlege institusjonar til Nordfjord. Sjå vedlagt fråsegn.

Mvh

**Birte Fossheim**  
Sekretær Nordfjordrådet  
Tlf 924 77 248  
[birte.fossheim@gloppen.kommune.no](mailto:birte.fossheim@gloppen.kommune.no)





# NORDFJORDRÅDET

## Mottakarar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Stortinget v/ Kommunal- og forvaltningskomiteen  
Stortingsbenken Sogn og Fjordane  
Fylkeskommunen  
KS Sogn og Fjordane  
Presse

Vår referanse (oppge ved svar)  
16/7440

Dato:  
15.06.2016

## Fråsregn frå Nordfjordrådet - fleire statlege arbeidsplassar til Nordfjord

**Nordfjordrådet krev at Regjering og Storting lokaliserer langt fleire statlege arbeidsplassar enn i dag til Nordfjord, som del av den varsle planen for utflytting av statlege arbeidsplassar i løpet av 2016. Dette kravet må også Sogn og Fjordane fylkeskommune stille seg bak, og arbeide målretta med å oppnå.**

Nordfjord er ein bu- og arbeidsmarknadsregion med omlag 30.000 menneske, fire sterke senter som kompletterer kvarandre (Måløy, Nordfjordeid, Sandane og Stryn), sterkt kultur for innovasjon og gründerånd og eit svært offensivt og variert næringsliv. Alt ligg til rette for vekst i Nordfjord i åra framover, fordi vi har eit næringsliv som er godt tilpassa "det grøne skiftet" og framtidas vekstnæringer.

Skal Nordfjord vekse, er vi likevel avhengig av ein variert samansetnad av arbeidsmarknaden, med arbeidsplassar også for unge folk med høg utdanning. Her er statlege etatar og kompetansemiljø ein nøkkelfaktor.

Dei siste 10-15 åra har staten gradvis "flytta ut" av Nordfjord. Berre i fireårsperioden 2008-11 forsvann 10% av alle statlege arbeidsplassar i Nordfjord (Kjelde: Møreforsking, rapport 40/2013 "Utviklingstrekk i Nordfjord"). Samtidig har talet på statlege arbeidsplassar i dei største byane i Noreg auka kraftig. I Sogn og Fjordane har det vore kraftig vekst i talet statlege arbeidsplassar i Indre Sogn og omlag stabilt tal i Sunnfjord.

Dersom Sogn og Fjordane skulle hatt like mange statlege arbeidsplassar pr innbyggjar som Oslo, skulle det ha vore om lag 6.000 statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane. Det reelle talet er ca 2.000 (Kjelde: SSB, regulativlønte i statleg tariffområde pr 01.10.2014). Av dei ca 2.000 statlege arbeidsplassane i Sogn og Fjordane ligg godt over 1.000 i kommunane Sogndal og Leikanger, over 500 ligg i Førde-regionen og under 200 i Nordfjord-kommunane samla - sjølv om folketalet i Nordfjord er tre gonger større enn i Sogndal/Leikanger.

Nordfjord som region er difor grovt underrepresentert når det gjeld statlege arbeidsplassar og kompetansemiljø. Dette trass i at regionen er sterkt nok som bu- og arbeidsmarknad til å kunne vere godt vertskap for statlege etatar og institusjonar.

Nordfjordrådet krev difor at staten no nyttar høvet gjennom den planlagde utflyttinga av statlege arbeidsplassar til å lokalisere heile eller deler av statlege institusjonar til Nordfjord. Det bør vere eit rimeleg mål at ein gjennom slik utflytting aukar talet statlege arbeidsplassar i Nordfjord frå 200 til ca 750.

Med helsing Nordfjordrådet ved:

Leidulf Gloppestad	Ordførar Gloppe
Sven Flo	Ordførar Stryn
Alfred Bjørlo	Ordførar Eid
Kristin Maurstad	Ordførar Vågsøy
Stein Robert Osdal	Ordførar Selje
Stig Olav Lødemel	Ordførar Hornindal

*Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.*